



Brukarar
Kontaktpersonar i kommunane
Hjelpemiddelleverandørane
Sogndal Folkehøgskule, Sogndal vidaregåande skule

Dykkar ref:

Vår ref: Asle Sande

Vår dato: 10.01.18

Nav Hjelpemiddelsentral, Sogn og Fjordane Skikrins og Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogndal Kommune inviterer til:

**Temadag:
Aktivitetshjelpemiddel for barn og vaksne med funksjonsnedsetjing, vinter.**

Tid og stad:

Tysdag 13. februar kl. 09.30/11.00 -15.00, Sogn Skisenter, Heggmyrane, v/skitrekket.

Vernepleiestudentar bidreg med støtte til utprøving av hjelpemiddel og arrangerer aktivitetar i naturen.

Kl.1230 er det samling rundt bålet, der det vert spandert mat og drikke.

Målgruppe: Terapeutar, brukarar, foreldre, studentar og andre som treng kunnskap om og erfaring med aktivitetshjelpemiddel til bruk på snø for menneskje med funksjonshemming.

Temadagen er open for studentar/skuleklassar frå vidaregåande frå 09.30 – 11.00, og for andre frå kl. 11.00.

Mål: Auka kunnskap om aktivitetshjelpemiddel, slik at aktuelle brukarar i større grad skal få høve til deltaking og aktivitet ved bruk av rett hjelpemiddel. Auka kunnskap blant studentar om aktivitet for menneskje med funksjonshemming. Deltakarane skal ha positive opplevingar i samband med aktivitet på snø!

Innhald:

Kort om formidling av aktivitetshjelpemiddel og gjeldande lovverk.

Produktvising ved leverandør av hjelpemiddel for sitjande alpint, akeutstyr, pulk og piggeutstyr.

Praktisk prøving av hjelpemidla.

Temadagen høver for både nybyrjarar og for dei med erfaring; kvalifiserte instruktørar hjelper til på det nivået som trengs i skitrekking!

Vernepleiestudentar lagar til leikeaktivitetar ved skibakken!

Har du spørsmål om temadagen, kan du kontakta oss (sjå e-postadresse under).

asle.sande@nav.no, eller Brit-Marie Follevåg britmafo@hisf.no, 57676279

eller Øystein Ruud, oystein.ruud@sognet.no mob. 951 86 888, Skiforbundet ved yngve.thorsen@skiforbundet.no, tlf: 92 60 14 21

Påmelding til kurs og utprøving: innan 6. februar på Nav Hjelpemiddelsentral si heimeside, [Kurspåmelding](#)

Påmelding til vinterleikar og mat: innan 6. februar til britmafo@hisf.no

Terapeutar/ledsagarar må ha med seg eller leiga tenleg skiutstyr.

Brukarar som har eige utstyr, kan ta det med for eige bruk og evt. tilpassing!

Vi ber om at målgruppa/aktuelle deltakarar i kommunen vert informerte om kurset!

Denne invitasjonen vert berre sendt som e-post!

Med helsing

Asle Sande
Fysioterapeut/Nav Hjelpemiddelsentral

Yngve Thorsen
Sogn og Fjordane Skikrins

Yngve Thorsen, Sogn og Fjordane Skikrins
Sogndal United v/Iren Nordheim, Rune Lundheim og Øystein Ruud.
Høgskulen i Sogn og Fjordane v/Brit-Marie Follevåg.